

Sidan starten av 2007 har Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen tapt 40 milllionar melder Kvinnheringen.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik vedgår at situasjonen er dramatisk men ser lys i tunnelen. Det er inngått avtalar både med reiarlag og underleverandørar som Eidsvik meiner vil letta situasjonen monaleg.

- Det har vore ei tøff tid, men eg meiner vi er på rett veg, seier Eidsvik.

Ingen av dei 57 tilsette er permitterte på grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen og det vil dei heller ikkje bli.

- Alle våre tilsette jobbar som vanleg. Vi vil ha full sysselsetting heilt fram til arbeidet på neste byggjenummer startar i oktober, opplyser Eidsvik.

Neste byggjenummer er ein supply-båt og skroget kjem frå Tyrkia.